

Sakshandsamar:

Idar Sagen
E-post: idar.sagen@sfj.no
Tlf.: 41530964

Vår ref.

Sak nr.: 14/8356-9
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

14853/15

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 22.04.2015

Vedlegg til sak:

Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge fem småkraftverk i Luster kommune, «Lusterpakken».

Saksutgreiing for Åselvi kraftverk

1. Omtale av tiltaket.

Åselvi renn ned i Fortundalselvi mellom Skjolden og Fortun. Elva kjem frå nokre fjellvatn på grensa mot Årdal som er nabokommunen i sør. Øvst oppe renn elva rett nordover før den svingar i nordvestleg retning ned dei bratte liene og hamrane mot Vassbakken. Store deler av utbyggingsstrekninga er bratt og utilgjengeleg. Like nedanfor inntaket og like ovanfor den planlagde kraftstasjonen er det to markerte fossar. I den nedre delen renn elva rolegare ned til Fortundalselvi. I dette området ligg Vassbakken campingplass på vestsida og eit område med fyllmassar på østsida. Fylkesveg 55 passerer området. Kraftstasjonen er tenkt plassert ca. 40 meter ovanfor vegen. Ei 22 kV linje passerer også i dette området.


Søkjar er Norges Småkraftverk AS, 1375 Billingstad, som har leigeavtale med grunneigarane/fallrettseigarane.

Åselvi kraftverk

Tilsig	
Nedbørsfelt , km2	7,05
Middelvassføring ved inntaket, m3/sek	0,388
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	18
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	51
Fem-persentil* vinter, liter/sek	17
Kraftverk	
Inntak, kote	650
Avløp, kote	15
Lengde påvirka elvestrekning, km	1,25
Brutto fallhøgde, meter	635
Slukeevne, maks m3/sek	0,776
Slukeevne, min m3/sek	0,039
Installert effekt, maks MW	4,3
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	51/17
Brukstid, timar	2744
Produksjon	
Årleg middel, GWh	11,8
Økonomi	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	51,8
Utbyggingspris, kr/kWh	4,40

* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

Utbygde kraftverk og nye prosjekt i området, if. NVE-atlas




Eksisterande anlegg: Svart, gul tekst. Gitt løyve: Blå. Konsesjonsbehandling: Raud (Åselvi og Mordøla)



Åselvi kraftverk. Heil strek i vassvegen er rørgate. Stipla strek er fjellanlegg.

Ved inntaket er det planlagt ein betongdam med høgde 4 meter og bredde 30 meter. Oppdemt område vert ca. 300 m². Transport i samband med bygging av inntaket skal skje med helikopter. Vassvegen er planlagt som profilboring i den øvre delen og nedgravde rør i den nedre delen, mellom kraftstasjonen på kote 15 og påhogget for fjellanlegget på kote 85. Boringa skal skje

nedanfrå og oppover. Det er planlagt kraftstasjonsbygning med grunnflate ca. 100 m² ca. 40 meter frå fylkesvegen. Turbinen vil lage ein del støy og det skal m.a. lagast lydfelle i avløpskanalen for å redusere denne. Driftsvatnet skal tilbakeførast til elva via ein 30 meter lang kanal. Det skal byggast ca. 40 meter ny tilkomstveg til kraftstasjonen frå fylkesvegen. Frå Fortun går det traktorveg opp til Furåsen, ca. midt på utbyggingstrekninga. Prosjektet vil ikkje komme i konflikt med denne. Vegen vert m.a. brukt av turfolk på veg til Furåsen og Fuglesteg. Borekaksen frå fjellanlegget vil bli tilbydd som toppdekke for grusvegar. Lagring ved kraftstasjonen i ein periode er aktuelt. Nett-tilknyting er planlagt som 150 meter jordkabel ned til ei eksisterande 22 kV linje.



Bilde 3: Bildet viser nederste del av Åselvi, Åsafossen sett fra Rv. 55. Elven kommer ned gjennom beitemarken til høyre i bildet og kraftstasjonen skal bygges ca. ved treklyngen som ligger helt i høyre bildekant. Vannføring ca. 50 l/s dvs. minstevannføring sommer.



Bilde 4: Bildet viser nederste del av Åselvi sett fra Rv. 55. Man ser også nederste del av fossen. Kraftstasjonen skal bygges ca. ved treklyngen som ligger helt i venstre bildekant. Vannføring ca. 750 l/s.



Bilde 7 i søknade: Åsafossen sett fra Fv. 55. Vassføring ca. 750 l/sek.

2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)

Hydrologi

Tilsiget frå restfeltet (frå inntaket og ned til kraftstasjonen) er berekna til 20 liter/sek i middel like oppstrøms kraftstasjonen. Det er planlagt å sleppe minstevassføring frå inntaket tilsvarande 5-persentil sommar og vinter, 51 og 17 liter/sek. I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaket vere større enn slukeevna i kraftverket i 64 dagar (overløp).

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon.

Ingen negativ konsekvens.

Verknader på biologisk mangfald, Bioreg AS, rapport 2015: 01, sitat frå samandraget side 5

.....
Naturverdiar. Det er avgrensa og skildra fire prioriterte naturtypar innan influensområdet til prosjektet. Desse er ei bekkekløft med ein noko rik og variert flora, samt at det er ein del kontinuitetselement i kløfta, ei fossesprutsone, ein flaummarksskog (gråor-heggeskog) og ei hagemark. Samla er naturverdiane nær eller innan utbyggingsområdet vurdert å vera av *middels verdi*, medan *omfanget* av ein eventuell utbygging er rekna som *middels negativt*. Konsekvensen av ei eventuell utbygging er også vurdert til å bli *middels negativ*.

Landskap, sitat side 21 i søkn.

Åsafossen er et markert landskapselement langs Rv 55 som er en nasjonal turistvei. Utbyggingen av kraftverket vil gi en betydelig reduksjon i vannføring utenom i flomperioder. I et middels år vil det være 64 dager med høyere vannføring enn slukeevne + minstevannføring. Utbygger mener dette er tilstrekkelig for at fossen fortsatt skal fremstå som et markert landskapselement.

I Sogn og Fjordane sin regionale plan med tema knyttet til vannkraft er Åsafossen på listen over fosser med naturlig vannføring i Luster kommune. For å være på denne listen, må fosser som ikke er utbygd være eksponert/godt synlig (i forhold til ferdselsårer, veier, fjorder, stier, mv.), utover dette kan også fosser som blir oppfattet som attraksjoner/turmål og/eller landemerke, eller som har kultur-/lokalhistorisk verdi være med på lista. I følge planen skal registreringen fungere som en rettesnor for hvor det kan være spesielt viktig å vurdere landskapsvirkninger av redusert vassføring, i samband med utbyggingsplaner.

I søknaden er det vurdert at tiltaket har middels til stor negativ konsekvens.

Kulturminne og kulturmiljø

I følgje databasen for kulturminne, Askeladden, er det ikkje registrert kulturminne i utbyggingsområdet.

Brukarinteresser

I anleggsfasen vil det bli en del forstyrrelser i stasjonsområdet i form av sprenging, helikopter og anleggsarbeid. Områdets opplevelsesverdi for friluftsliv vil bli forringet i en kortere periode. Like ovenfor kraftstasjon er det en markert foss, som er svært visuelt sett fra RV 55, og fossen vil få

reduisert vannmengde som følge av en utbygging. Dette trekker ned det visuelle bildet forbi-passerende, samt turister ved Vassbakken camping vil få. Utbygger vil ta hensyn til dette ved avbøtende tiltak. Vassdraget har dominerende vår/sommer flom, og selv med en slukeevne på 200 %, vil det i turistsesongen fremdeles skal være godt med vann i fossen. Flomløpet blir lagt i dagens elveløp. I tillegg er minstevassføring satt lik 5-persentil. Store deler av selve utbyggingsområdet er bratt og ulendt, kun øverste del blir brukt som turområde. Området øst for Åselvi er benyttet som turområde, men stort sett om sommeren. Dette er grunnet en traktorvei som går fra Fortun og helt opp til den fraflyttete gården Furåsen. Videre opp i fjellet går det tydelige stier til Åsastølen, men her er mer bratt og ulendt. Derfor er bruken som friluftsområde hovedsakelig konsentrert fra Fortun til Furåsen, og denne strekningen vil ikke bli påvirket av utbyggingen. Skjolden Aktiv og IL Fanaråk har merket denne som tur nr 11 A – Furåsen.

I søknaden er det vurdert at tiltaket har liten negativ konsekvens.

Samfunnsmessige verknader

Samla investering er kalkulert til 51,8 mill. kroner, av dette 4 mill. kroner som anleggsbidrag til forsterking av linjenettet i området, inkl. 150 meter kabel. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 4,40 kr/kWh, som er over middels pris.

Sumverknader/samla belastning. Sitat side 26 i søkn.

Søker anser utbyggingen anleggsteknisk til å være relativt skånsom, og kan ikke se at det anleggstekniske ved utbyggingen vil gi målbare konsekvenser verken for miljø, naturressurser eller samfunn. Inntak skal etableres i et område som er lite tilgjengelig og vil knapt være synlig. Vannveien skal profilborres og vil ligge i fjell. Kraftstasjonen vil ligge i et allerede påvirket område. Utfordringen er vurderingen av betydningen av Åsafossen som et fortsatt markert landskapselement og den visuelle verdien den har lokalt og for turister. I Sogn og Fjordane sin regionale plan med tema knyttet til vannkraft er det registrert 22 fosser i Luster kommune. 12 av disse har naturlig vannføring, 7 har redusert vannføring og 3 er tørrlagt.

For øvrig er det bygd, eller planlagt vannkraftverk mange steder i Luster kommune. Med hensyn til forekomst av rødlistearter, biologisk mangfold, kulturminner og kulturmiljø, jord- og skog- ressurser, brukerinteresser vurderes forholdene i Åselvi å representere et gjennomsnitt for regionen. Samlet vurdering for biologisk mangfold er av biolog satt til Middels neg. (--)

Boring er derfor valgt fra stasjonsområdet, og helt opp i inntaket. En har da eliminert vesentlige inngrep og visuelle sår i terrenget. Videre er dammen i et område der turister normalt ikke ferdes. Den ene av grunneierne var tidlig inne på tanken med å skulle skape en liten turistattraksjon ut av denne stasjonen, da campingplassen og cafèen ved riksvei 55 er et naturlig stopp for mange som kjører over Sognefjellet. Kommunen og Statens Vegvesen/Nasjonale Turistveier, har også planer om å lage parkeringsplass, samt opparbeide gangvei fra nevnte café opp mot fossen. Disse planene vil NSK sparre med kommunen sett opp mot anlegget/stasjonen, slik at de besøkende kan få en total positiv opplevelse. NSK vil ta hensyn til dette ang. utformingen av selve stasjonen, enn normalt for slike anlegg. Som det fremgår av søknaden så vil NSK legge rørgate traseen utenfor område Lok. 4. Videre har grunneier beskrevet at det er ca 14 cruiseskipsanløp om sommeren. Disse anløpene meldes i god tid. Turistene busses normalt opp til hotellet øverst i Bergsdalen (dvs. Sognefjellsveien). Det vil med dagens teknologi ikke være problemer med å styre vannmengden i fossen på gitte tidspunkt. NSK sin samlede vurdering er at dette anlegget kan bli ett meget positivt innslag i bygda ut fra den måten en etablerer små kraftverk etter dagens normer.

Avbøtende tiltak.

Det er planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande 5-persentil sommar og vinter, 51 og 17 liter/sek. Berekna årsproduksjon er 11,8 GWh som er 0,55 GWh mindre enn tilsvarande anlegg utan slepp av minstevassføring. Ved å auke minstevassføringa om sommaren til 100 liter/sek vil årsproduksjonen går ned med 0,7 GWh til 11,1 GWh og utbyggingsprisen vil bli 4,67 kr/kWh.

3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 11,8 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 51,8 mill.kr. Nettilknytning via jordkabel og anleggsbidrag utgjør 4 mill. kroner av dette . Utbyggingsprisen er berekna til 4,40 kr/kWh, som er over middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av inntak, vassveg i tunnel/sjakt, massdeponi, kraftstasjon og redusert vassføring i Åselvi med Åsafossen.

Vassforskrifta

Tiltaket bør ikkje svekke den økologiske statusen i vassførekomsten til dårlegare enn god. Dersom tilstanden vert vurdert til dårlegare enn god, må vilkåra i § 12 i vassforskrifta følgjast opp.

Landskap, friluftsliv og turisme.

Tiltaksområdet ligg i fjordlandskap, jf. fylkeskommunen sin regionale plan. Åsafossen i Åselvi er omtalt som eit viktig landskapselement i planen. Fossen vert direkte påverka av utbyggingsforslaget. I tråd med retningslinjene i planen får fossen 2. prioritet dvs:

Interesser av svært stor verdi. Føresetnader for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere stor verdiskaping og/eller at verdien for aktuelle arealinteresser kan oppretthaldast etter utbygging.

I søknaden er det sagt m.a. dette, sitat frå side 15:

I Luster kommune sin kommunedelplan for småkraftverk er ligger Åselvi i Gul konfliktsone som betyr «Desse områda har typisk nokre sterke interesser som det må takast omsyn til. Utbygging av kraftverk i desse delområda må ta omsyn til dei allmenne interessene og planleggast med avbøtande tiltak». Åselvi er ikke vurdert spesielt i denne planen, da det er vurdert som lite aktuelt med utbygging her. Rv. 55 som Åsafossen er svært synlig i fra, er nevnt som en viktig turistvei.

I Luster kommune si saksutgreiing ang. Åselvi kraftverk er det sagt m.a. dette:

Vassdragsnaturen er ein turistmagnet. Åsafossen er eit markert landskapselement like i nærleiken av FV 55 som er ein nasjonal turistveg. Reduksjonen i vassføringa, sjølv med omsøkt minstevassføring, vil verka negativt for opplevingsverdien. Rådmannen meiner dette vil vera er den største ulempa med ei utbygging.

Sjølv om kraftverket vil generera inntekter til lokalsamfunnet meiner rådmannen at ulempene med ei utbygging vil overstiga føremonene og finn det difor rett å rå ifrå at det vert gjeve konsesjon.

Fylkesrådmannen vurderer tiltaket som konfliktfylt i høve til landskap, friluftsliv og reiseliv ved at vassføringa i Åsafossen vert redusert. Tiltaket vil få konsekvensar i høve til opphald og ferdsel lokalt og for ferdsel til og frå Sognefjellsvegen som er nasjonal turistveg. Minstevassføringa som er foreslått, vil bidra lite i positiv retning i ein slik samanheng. Fylkesrådmannen meiner at utbygginga ikkje bør gjennomførast.

Kulturminne frå nyare tid

Åsafossen ligg like inn til Rv55, Nasjonal Turistveg over Sognefjellet. Elva er lite prega av større tekniske inngrep. Sett frå vegen og campingplassen, utgjær Åsafossen eit markert landskapselement. Kulturlandskapet rundt fossen er i aktiv drift. Ei utbygging av Åselvi vil føre til langt mindre vassføring i elva enn det vi ser i dag. Åsafossen som opplevingselement i landskapet vil etter ei utbygging, vere sterkt svekka. Elvar, fossar og stryk utgjær ein vesentleg del av det heilskaplege landskapsbiletet, både for tilreisande og fastbuande. Av konsesjonssøknaden går det fram at Luster kommune, saman med Statens Vegvesen/Nasjonale Turistveier, har planer om å lage parkeringsplass, samt opparbeide gangvei frå Vassbakken camping, ved Rv. 55, og opp mot fossen. I Sogn og Fjordane sin regionale plan med tema, vasskraft, finn vi Åsafossen på lista over fossar med naturlig vassføring i Luster kommune.

I denne saka er det vanskeleg å sjå at avbøtande tiltak i samband med ei eventuell utbygging, kan vere med på å rette opp dei negative verknadane av Åsafossen som opplevingselement. Fossen ligg like inn til eit veganlegg som er utpeika som Nasjonale Turistveg.

Ved ei eventuell utbygging av Åsafossen, der viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereinere, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogeleg synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer at tiltaksområdet inneheld eit potensiale for å gjere funn av automatisk freda kulturminne i form av førhistoriske busetjingsspor, dyrkingsspor og gravminne. Fylkeskommunen finn derfor grunnlag for å stille krav til ein arkeologisk registrering. Registreringa skal oppfylle tiltakshavars undersøkingsplikt jamfør § 9 i lov om kulturminne. Tiltakshavar skal jamfør § 10 i kulturminnelova sjølv dekke kostnadene til gjennomføringa av registreringa. Vi ber tiltakshavar ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga i god tid før realisering av tiltak i samband med utbygginga, slik at tidspunkt og omfang på registreringa kan fastsetjast.

Vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere moderate ulemper i høve til kulturminne og friluftsliv, men store ulemper i høve til landskap og reiseliv. Fylkesrådmannen meiner at det ikkje

bør gjevast løyve. Om det vert gitt løyve, skal krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.